

Tilbodet av arbeidskraft etter utdanning 2007–2030

Av JORUNN FURUBERG

SAMANDRAG

Dersom dei framtidige generasjonane vel utdanning slik tilsvarende generasjonar av menn og kvinner gjorde i åra 2002 til 2006, vil utdanningsnivået i folkemengda auka. I 2030 vil 34 prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder ha høgare utdanning mot 26 prosent i 2007.

Utviklinga vil føra til at det blir større skilnader mellom kjønna når det gjeld utdanningsnivå.

I dag er kvinnene i fleirtal blant dei som har høgare utdanning. Denne utviklinga vil halda fram, og auken vil vera særleg sterk blant kvinner som tar høgare utdanning utover fire år og forskarutdanning. Også blant menn vil det bli fleire med høgare utdanning, men veksten vil vera langt sterkare blant kvinner.

Fram mot 2030 vil det bli ein kraftig nedgang i prosentdelen som har fullført vidaregåande skole som høgaste utdanning. Denne prosentdelen går ned frå 41,9 prosent i 2007 til 33,3 prosent i 2030. Ei viktig årsak til dette er at fleire vil ta høgare utdanning. Samstundes vil det bli ein vekst i talet på menn med grunnskoleutdanning. Veksten i talet på yngre menn med grunnskoleutdanning kan tyda på at det i framtida vil bli fleire menn som ikkje har fullført vidaregåande utdanning.

Det auka utdanningsnivået i folkemengda vil også gi ein høgare utdanna arbeidsstyrke. Samla vil arbeidsstyrken veksa med 16 prosent, medan talet på personar i arbeidsstyrken med høgare utdanning vil veksa langt kraftigare. I 2030 vil det vera 41 prosent fleire i arbeidsstyrken med inntil fire år med høgare utdanning, medan det vil vera 76 prosent fleire med høgare utdanning over fire år. Aller sterkast vil veksten bli blant personar med forskarutdanning. I 2030 vil det vera meir enn dobbelt så mange personar med forskarutdanning i arbeidsstyrken enn det var i 2007.

Auken i utdanningsnivået i arbeidsstyrken vil isolert sett føra til høgare yrkesdeltaking. Samstundes vil aldringa av folkemengda i yrkesaktiv alder trekkja i motsett retning, då yrkesdeltakinga er lågare blant eldre enn yngre. I framskrivinga dominerer alderseffekten over utdanningseffekten, og den samla yrkesdeltakinga vil falla med 3,4 prosentpoeng frå 2007 til 2030.

INNLEIING

Tilbodet av arbeidskraft i framtida er styrt av fleire faktorar. Storleiken på folkemengda i yrkesaktiv alder set grenser for kor stor arbeidsstyrken kan bli. Kjønn, alder og utdanning er viktige kjenneteikn når det gjeld kor mange i yrkesaktiv alder som vil delta på arbeidsmarknaden.

Tilbodet av arbeidskraft er også styrt av etterspurnaden etter arbeidskraft. I tider med høg etterspurnad etter arbeidskraft vil tilbodet auka. På same måten vil mange trekkja seg ut av arbeidsmarknaden i tider med låg etterspurnad.

I tida fram mot 2030 vil vi stå føre ei aldring av folkemengda i yrkesaktiv alder. Dette vil trekkja i retning av at færre vil delta på arbeidsmarknaden. Samstundes vil generasjonar med lågare utdanningsnivå bli eldre og nye generasjonar med høgare utdanningsnivå vil erstatta dei som etter kvart blir pensjonistar.

Denne artikkelen prøver å gi eit svar på korleis tilbodet av arbeidskraft vil bli fram mot 2030, gitt at personane i åra framover vil tilpassa seg slik personar med tilsvarende karakteristika gjorde i åra 2002–2006. Artikkelen viser ei enkel framskriving av tilbodet av arbeidskraft etter utdanning. Basis for modellen er dei val av utdanning og tilpassing på arbeidsmarknaden som folkemengda gjorde i åra 2002–2006.

FLEIRE MED HØGARE UTDANNING

I 2030 vil 34 prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder ha fullført høgare utdanning, mot 26 prosent i januar 2007. Samstundes vil prosentdelen som har utdanning på grunnskolenivå og nivå for fullført vidaregåande skole gå ned. Ei viktig årsak til desse endringane er at eldre årskull som

Data og analyse

Data til modellen baserer seg på individdata for alle personar i alderen 16-74 år som var busette i Noreg per 1. november i åra 2002–2006. Data er henta frå Statistisk Sentralbyrå sitt System for persondata. Vi har data om høgste fullførte utdanning dette året, samt alder kjønn og arbeidsmarknadstilpassing. I tillegg har vi også data med opplysningar om utflytting og dødsfall.

Vi har teke utgangspunkt i kvinner og menn kvar for seg i eittårige aldersgrupper og delt dei inn i maksimum 74 ulike utdanningsgrupper. Vi har så laga årlege overgangsrater frå kvar av desse gruppene til ny utdanning, samt til utflytting og dødsfall. Med ny utdanning meiner vi at personen blir registrert med ei ny fullført høgaste utdanning. Kvar år kjem det inn nye individ som er 16 år, samstundes som at dei som er 75 år går ut av modellen. Personar som er over 16 år og som er i ei årsfil, men ikkje i fila for året før, blir rekna som innflyttarar.

Modellen tar utgangspunkt i gjennomsnittet av dei årlege observerte overgangsratene i åra 2002–2006. Med bakgrunn i desse overgangsratene har vi framskrive folkemengda etter kjønn, alder og utdanning for kvart år fram til og med 2030. For kvart år har vi lagt til nye 16-åringar i samsvar med SSB sine framskrivingar av folkemengda etter middelalternativet frå 2008.

Dette tyder at modellen baserer seg på at kvart kjønn og kvar aldersklasse, gitt den utdanninga dei har, vil ta ny utdanning frå år t til år $t+1$ på same måte som ein person med tilsvarende kjønn, alder og utdanning gjorde i gjennomsnitt for åra 2002–2006. Utvandring, innvandring og dødelegheit innan dei ulike kjønns-, alders- og utdanningsgruppene vil og følgja same mønster som gjennomsnittet for perioden 2002–2006. Sidan utdanningsinformasjonen er årlege opplysningar, har vi framskrive folkemengda per 1. januar i år t med bakgrunn i utdanningsdata for år $t-1$.

I perioden 2002–2006 var nettoinnvandringa mykje lågare enn det som er føreset i SSB sine framskrivingar av folkemengda etter middelalternativet i 2008. Vi har difor lagt til fleire innflyttarar kvart år, for å få folkemengda på nivå med SSB si framskriving. Dei «ekstra» innflyttarane er fordelt etter same kjønns, alders og utdanningsfordeling som observert for dei som flytta inn i vårt datamateriale i åra 2002–2006.

Når det gjeld tilpassing på arbeidsmarknaden har vi teke utgangspunkt i dei observerte tilpassingane i åra 2002 – 2006 for dei ulike kjønns- alders- og utdanningsgruppene. Personar er definert som sysselsette i samsvar med SSB sin definisjon for sysselsettjing. Sidan vi har individdata for heile folkemengda, kan vi ikkje bruka arbeidsløysedata basert på arbeidskraftundersøkinga (AKU) til SSB for å få tal over arbeidsstyrken. Dette skuldast at AKU er ei utvalsundersøking. Vi har difor laga ei tilnærming til arbeidsstyrken ved å slå saman talet på sysselsette og talet på registrerte arbeidslause i dei ulike gruppene. Vår tilnærming vil gi ein arbeidsstyrke, og dermed og ein yrkesfrekvens, som er noko lågare enn reelt, sidan den registrerte arbeidsløysa generelt er noko lågare enn arbeidsløysa målt ved AKU.

Tilpassinga på arbeidsmarknaden har vi framskrive ved å la personane i dei ulike kjønns-, alders- og utdanningsgruppene tilpassa seg slik dei i gjennomsnitt gjorde for åra 2002–2006. Framskrivinga av arbeidsmarknadstilpassinga for 1. januar i år t , er rekna å vera den framskrivne tilpassinga per 4. kvartal i år $t-1$. Føresetnadane i modellen fører til at vi implisitt tar etterspurnaden etter arbeidskraft for gitt og lik etterspurnaden i åra 2002 – 2006.

I artikkelen har vi aggregert utdanningsgruppene til fem utdanningsnivå med utgangspunkt i høgaste fullførte utdanningsnivå i SSB sin utdanningsstatistikk, ny gruppering. I tillegg har vi ei gruppe med ukjent utdanning.

Grunnskolenivå: Utdanning til og med grunnskole, (nivå 1 og 2 i SSB sin utdanningsstatistikk)

Vidaregåande utdanning: Utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole pluss utdanning på mellomnivå (nivå 3, 4 og 5).

Høgare utdanning, inntil 4 år: Universitets- og høgskoleutdanning, lågare nivå (nivå 6) **Høgare utdanning, over 4 år:** Universitets- og høgskoleutdanning, høgare nivå (nivå 7)

Forskarutdanning: Forskarutdanning (nivå 8)

Ukjent utdanning: Ingen opplysningar om utdanning.

Takk til Statistisk Sentralbyrå som har gjort uttrekket av grunndata for oss, og stilt kontorplass til disposisjon for arbeidet vårt med data.


passerer 74 år i gjennomsnitt har eit lågare utdanningsnivå enn dei yngre.

I 2030 vil 33,3 prosent av folkemengda ha utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole, mot 41,9 prosent i 2007. Ei viktig årsak til dette er at fleire i dei yngre årskulla har halde fram med høgare utdanning etter fullført vidaregåande skole.

Ei anna årsak til at prosentdelen som har vidaregåande utdanning vi falla i tida framover, er at definisjonen av kva som er rekna som vidaregåande utdanning er avhengig av i kva tidsperiode denne utdanninga er frå. Alle som har vidare-


gåande utdanning frå tida før lov om vidaregåande opplæring frå midten av 1970-talet er i denne kategorien uansett kor lang utdanninga er. Alle som har vidaregåande utdanning frå midten av 1970 talet og fram til reform 94 blei gjennomført, blir rekna i denne kategorien dersom dei har fullført vidaregåande kurs 1 eller vidaregåande kurs 2. Dei som har utdanninga si frå reform 94 og seinare må ha fullført ei tre- eller fireårig utdanning for å komma i denne kategorien. Etter kvart vil gruppa med vidaregåande utdanning vera samansett av fleire yngre personar, der kravet for å komma i denne kategorien er «strengare» enn blant dei som er eldre.

Figur 1:
Folkemengda i yrkesaktiv alder etter høgaste fullførte utdanning, framskriving per 1. januar 2007 og 1. januar 2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Figur 2:
Framskriving av folkemengda 16–74 år etter utdanningsnivå, 2007–2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Prosentdelen som har utdanning på grunnskolenivå vil falla frå 28,2 til 23,4 prosent frå 2007 til 2030. Etter kvart vil det bli fleire yngre i denne gruppa. Eldre personar med grunnskoleutdanning vil etter kvart bli pensjonistar og ein større prosentdel av dei med grunnskoleutdanning vil vera yngre.

I framskrivinga vil prosentdelen av folkemengda som har ukjent eller uoppgitt utdanning auka sterkt, frå 3,9 prosent i 2007 til 9,3 prosent i 2030. Ei viktig årsak til dette er at det i framskrivingane er lagt til grunn ein sterk auke i innvandringa i åra framover. Utdanningsstatistikken til SSB inneheld ikkje opplysningar om utdanning fullført i utlandet for personar som har innvandra etter 1999. Difor vil mange av dei som flyttar inn bli klassifisert med ukjent utdanning. I vårt datamateriale hadde i gjennomsnitt 81 prosent av innflyttarane i åra 2002–2006 ukjent utdanning.

Også Bjørnstad m.fl. (2008) har funne at det vil bli ein sterk auke i talet på personar med ukjent utdanning i tida framover¹.

STERKAST AUKE I PERSONAR MED HØGARE UTDANNING OVER FIRE ÅR

Figur 2 viser talet på personar etter utdanningsnivå i perioden 2007–2030, etter vår framskriving. I framskrivinga vil det vera om lag 4 091 000 personar i yrkesaktiv alder per januar 2030, noko som tilsvarer ein vekst på 22 prosent frå 2007.² Figuren viser at utdanningsnivået i folkemengda i yrkesaktiv alder aukar kraftig i tida fram til 2030.

Talet på personar med grunnskole som høgaste fullførte utdanning vil endra seg lite, frå i overkant av 947 000 personar i 2007 til i underkant av 959 000 personar i 2030. Dette svarer til ein auke på ein prosent.


Personar med høgaste utdanning på fullført vidaregåande nivå vil auka frå i underkant av 1 404 000 personar i 2007 til eit maksimum i 2017 på i overkant av 1 442 000 personar. Deretter vil talet minka til i underkant av 1 362 000 personar i 2030. Dette svarer til ein nedgang på tre prosent i perioden 2007–2030. Denne utviklinga heng truleg saman med at kravet til at utdanningar skal reknast for utdanning på vidaregåande nivå, varierer etter kva for tidsperiode utdanninga er frå. Statistikk frå SSB viser at det i 2007 var fleire personar med vidaregåande utdanning blant personar mellom 50 år og 66 år enn blant personar mellom 40 og 49 år.

Talet på personar med til og med fire års høgare utdan-

¹ Bjørnstad m.fl. har i tillegg til registerbaserte utdanningsopplysningar også teke utgangspunkt i utdanningsopplysningar frå AKU, noko som reduserer andelen med ukjent utdanning i framskrivingane.


² I SSB si framskriving av 2008 etter middelalternativet, vil det vera 4 168 263 personar i yrkesaktiv alder 1. januar 2030. Dette tilsvarer ein vekst på 24 prosent frå januar 2007.

Figur 3:
Prosentdelen kvinner og menn blant personar med ulike nivå av høgare utdanning, 2007 og 2030



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Figur 4:
Prosentdelen kvinner og menn blant personar med utkjent utdanning og utdanning på grunnskolenivå og på vidaregåande nivå, 2007 og 2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

ning vil auka frå om lag 660 000 i 2007 til i underkant av 998 000 i 2030, ein auke på 51 prosent. Personar med høgare utdanning utover 4 år vil auka frå i underkant av 197 000 i 2007 til om lag 361 000 i 2030. Dette svarer til ein auke på 83 prosent.

I 2007 var det 15 400 personar med forskarutdanning i yrkesaktiv alder, i 2030 vil dette talet vera om lag 33 800, ein auke på 119 prosent.

STERK AUKE I PROSENTDELEN KVINNER BLANT DEI MED HØGARE UTDANNING UTOVER FIRE ÅR

I 2030 vil 59 prosent av dei med høgare utdanning vera kvinner, mot 53 prosent i 2007. Kvinnefleirtalet blant dei med høgare utdanning skuldast først og fremst at det er langt fleire kvinner enn menn som tar til og med 4 år høgare utdanning. Denne utviklinga vil halda fram, jamfør figur 3. I 2030 vil 64 prosent av dei som har høgare utdanning på dette nivået vera kvinner, mot 59 prosent i dag.

Den kraftigaste auken vil likevel koma blant dei med meir enn fire år med høgare utdanning og dei med forskarutdanning. Blant dei med høgare utdanning utover fire år vil kvinneandelen auka frå 37 prosent i 2007 til 47 prosent i 2030. Blant dei med utdanning på forskarnivå vil kvinneandelen auka frå 30 prosent i 2007 til 43 prosent i 2030.

MENNENE VIL VERA I FLEIRTAL BLANT DEI MED UTDANNING PÅ GRUNNSKOLENIVÅ

I 2007 var det om lag like mange kvinner som menn blant dei med grunnskoleutdanning. Fram mot 2030 vil dette endra seg, og 56 prosent av dei med utdanning på grunnskolenivå vil då vera menn. Også blant dei med utdanning på fullført vidaregåande nivå vil det bli fleire menn. Prosentdelen menn vil her auka frå 53 i 2007 til 56 i 2030.

HØGARE UTDANNINGSNIVÅ I ARBEIDSTYRKEN


Frå 2007 til 2030 vil arbeidsstyrken i vår framskriving samla veksa frå om lag 2 433 000 i 2007 til om lag 2 831 000 personar i 2030³, ein vekst på 16 prosent.

Talet på personar i arbeidsstyrken med grunnskole som høgaste fullførte utdanning vil veksa med om lag 6 000 personar i perioden, eller 1 prosent, frå om lag 529 000 personar i 2007 til om lag 535 000 i 2030. Etter kvart vil mange eldre med grunnskole som høgaste fullførte utdanning bli pensjonistar slik at fleire i arbeidsstyrken med grunnskole vil vera yngre personar.

Talet på personar i arbeidsstyrken med høgaste utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole vil bli kraftig


³ I framskrivinga har vi definert arbeidsstyrken som summen av sysselsette og registrerte arbeidslause, jamfør avsnittet Data og analyse. Dette fører til at arbeidsstyrken i framskrivingane blir noko mindre enn offisielle arbeidsstyrketal.

Figur 5:
Framskriving av arbeidsstyrken etter utdanningsnivå, 2007–2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Figur 6:
Framskriving av arbeidsstyrken blant kvinner og menn utan høgare utdanning, etter utdanningsnivå, 2007–2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

reduisert. I 2007 var det om lag 1 079 000 personar i arbeidsstyrken med slik utdanning. Dette talet vil falla til i overkant av 960 000 personar i 2030, ein nedgang på 11 prosent. Ei årsak til dette er den kraftige veksten i talet på personar som tar høgare utdanning.

I 2007 var det om lag 560 000 personar i arbeidsstyrken med høgare utdanning til og med fire år. Dette talet vil auka med 41 prosent til om lag 790 000 i 2030.

Talet på personar i arbeidsstyrke med høgare utdanning utover fire år vil auka frå i overkant av 177 000 i 2007 til 311 000 i 2030, ein auke på 76 prosent. Blant personar i arbeidsstyrken med registrerte opplysningar om utdanning vil den største prosentvise veksten koma blant dei med forskarutdanning. I 2007 var det om lag 14 300 med forskarutdanning i arbeidsstyrken, dette talet vil veksa til om lag 30 100 i 2030, ein auke på 110 prosent.

I framskrivingane vil den sterkaste auken i arbeidsstyrken koma blant dei som har uoppgitt utdanning. Denne gruppa vil veksa frå i underkant av 74 000 personar i 2007 til i overkant av 204 000 personar i 2030, ein vekst på heile 176 prosent.

FLEIRE MENN I ARBEIDSSTYRKEN MED GRUNNSKOLE SOM HØGASTE FULLFØRTE UTDANNING

Arbeidsstyrken blant menn vil i våre framskrivingar samla auka frå om lag 1 287 000 personar i 2007 til i overkant av 1 472 000 personar i 2030. Dette svarer til ein auke på 14

prosent i perioden. Blant kvinner vil arbeidsstyrken tilsvarende veksa 18 prosent frå 1 147 000 personar i 2007, til i underkant av 1 359 000 personar i 2030.

Blant menn med grunnskole som høgaste fullførte utdanning, vil arbeidsstyrken auka frå om lag 290 000 i 2007 til om lag 325 000 i 2030, ein auke på 12 prosent. Blant kvinner vil vi få ei motsett utvikling. Talet på kvinner i arbeidsstyrken med grunnskole som høgaste fullførte utdanning vil minka frå i underkant av 239 000 i 2007 til om lag 210 000 i 2030, ein nedgang på 12 prosent. Ei årsak til dette er talet på menn med grunnskoleutdanning vil veksa i perioden, medan talet på kvinner med grunnskoleutdanning vil gå ned.

Tal frå SSB viser at det er fleire menn enn kvinner som ikkje fullfører ei utdanning på vidaregåande nivå, og dermed blir registrert med grunnskole som høgaste fullførte utdanning.

Blant ungdom som starta på grunnkurs i vidaregåande opplæring i 2002 hadde 62 prosent av gutane fullført med studie- eller yrkeskompetanse når fem år var gått. Tilsvarende tal blant jenter var 74 prosent. Det er i dag fleire jenter enn gutar som vel vidaregåande utdanning som fører til studiekompetanse, medan mennene er i fleirtal blant dei som fullfører yrkeskompetanse. Innan studieretningane for mekaniske fag og trearbeidsfag, sluttar fire av ti elevar undervegs i utdanningsløpet.

Fram mot 2030 vil det bli ein nedgang i talet på menn i arbeidsstyrken med fullført vidaregåande utdanning på seks prosent. I 2007 var det i overkant av 599 000 menn med slik utdanning i arbeidsstyrken, i 2030 vil det tilsva-

rande talet vera om lag 564 000. Talet på kvinner med utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole vil minka med heile 17 prosent i perioden, frå i underkant av 480 000 i 2007 til i overkant av 396 000 i 2030.

Blant menn med ukjent utdanning vil arbeidsstyrken veksa frå i overkant av 43 000 personar i 2007 til i overkant av 110 000 personar i 2030, ein vekst på heile 156 prosent.

Også blant kvinner aukar talet på dei med ukjent utdanning i våre framskrivingar. I 2007 var det i underkant av 31 000 kvinner med uoppgitt utdanning, i 2030 vil det vera i underkant av 94 000 kvinner med uoppgitt utdanning i arbeidsstyrken. Dette tilsvarer ein vekst på 204 prosent.

STERK VEKST I TALET PÅ KVINNER MED HØGARE UTDANNING I ARBEIDSSTYRKEN

Fram mot 2030 vil det vera ein sterk vekst i talet på personar i arbeidsstyrken med høgare utdanning til og med fire år. Veksten vil vera dobbelt så sterk blant kvinner som blant menn. Arbeidsstyrken blant menn med inntil fire år med høgare utdanning vil auka med 26 prosent frå i underkant av 232 000 personar til i overkant av 291 000. I 2007 var det i overkant av 328 000 kvinner med utdanning på dette nivået, i 2030 vil dette talet ha auka med 52 prosent til i underkant av 499 000.

I 2007 var det om lag 112 000 menn med høgare utdanning over 4 år i arbeidsstyrken. Dette talet vil auka med 47

prosent til i overkant av 164 000 personar. Auken i talet på kvinner med høgare utdanning over fire år vil vera på heile 125 prosent. I 2007 var det i overkant av 65 000 kvinner med utdanning på dette nivået i arbeidsstyrken, i 2030 vil det tilsvarande talet vera i underkant av 147 000.

Både blant kvinner og menn med registrert utdanningsnivå vil den kraftigaste auken koma blant dei med forskarutdanning. I arbeidsstyrken i 2007 var det 10 100 menn med forskarutdanning, dette talet vil auka til 17 200 i 2030, ein auke på 70 prosent. Blant kvinner i arbeidsstyrken vil talet på personar med forskarutdanning meir enn tredobla seg, frå 4 200 i 2007 til om lag 12 900 i 2030.


LÅGARE YRKESDELTAING TRASS I HØGARE UTDANNINGSNIVÅ

I perioden fram mot 2030 vil yrkesdeltakinga⁴ bli lågare. Samla vil yrkesdeltakinga falla med 3,4 prosentpoeng frå 2007 til 2030. Dette skuldast i første rekkje at folkemengda i yrkesaktiv alder vil bli eldre, jamfør tabell 1. Også Bjørnstad m.fl. (2008) fann at yrkesdeltakinga vil bli redusert i åra framover.

Yrkesdeltakinga aukar med aukande utdanning. Denne effekten vil isolert sett føra til ein auke i yrkesdeltakinga.


4 Yrkesdeltakinga i vår framskriving vil bli noko lågare enn offisielle tal, jamfør fotnote 3.

Figur 7:
Framskriving av arbeidsstyrken blant kvinner og menn med høgare utdanning, etter utdanningsnivå, 2007-2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Figur 8:
Framskriven yrkesdeltaking etter utdanningsnivå, 2007 til 2030.



KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV

Samstundes som utdanningsnivået i arbeidsstyrken aukar, blir det også fleire eldre i arbeidsstyrken. Den kraftige auken i talet på personar som tok høgare utdanning på 90-talet vil etter kvart føra til ei aldring av personar med høgare utdanning. Dei eldre i arbeidsstyrken har lågare yrkesdeltaking enn dei yngre. Denne effekten trekkjer isolert sett i retning av ein nedgang i yrkesdeltakinga.

Figur 8 viser at det særleg er blant dei med utdanning på nivå med fullført vidaregåande skole og høgare at yrkesdeltakinga vil falla.

Tabell 1 viser at gjennomsnittsalderen for personar i yrkesaktiv alder aukar frå 42,7 år i 2007 til 43,6 år i 2030. Gjennomsnittsalderen for personar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning går ned frå 40,2 år i 2007 til 38,0 år i 2030. Figur 7 viser at yrkesdeltakinga blant personar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning endrar seg lite frå 2007 til 2030.

Blant personar med utdanning på nivå med fullført vidaregåande utdanning fell yrkesdeltakinga med heile 6,3 prosentpoeng frå 2007 til 2030, samstundes som gjennomsnittsalderen blant personar med slik utdanning aukar med 1 år.

Blant personar med høgare utdanning til og med fire år aukar gjennomsnittsalderen frå 42,5 år til 46,0 år i framskrivingsperioden. Dette forklarar nedgangen i yrkesaktiviteten i denne utdanningsgruppa frå 84,8 prosent i 2007 til 79,2 prosent i 2030.

Blant personar med høgare utdanning over fire år, vil gjennomsnittsalderen i folkemengda i yrkesaktiv alder auka frå 44,0 år til 46,7 år i framskrivingsperioden. Dette forklarar nedgangen i yrkesaktiviteten frå 90,0 prosent til 86,3 prosent for denne gruppa. Blant personar med forskarutdanning vil yrkesaktiviteten falla frå 92,9 prosent til

89,1 prosent, samstundes som gjennomsnittsalderen for denne utdanningsgruppa i folkemengda i yrkesaktiv alder vil auka frå 48,6 år til 52,4 år i framskrivingsperioden.

Figur 8 og tabell 1 viser at i tida framover mot 2030 vil alderseffekten på yrkesdeltakinga dominera over effekten av at folkemengda i yrkesaktiv alder får eit høgare utdanningsnivå. Det er særleg blant personar med høgare utdanning at gjennomsnittsalderen i folkemengda vil auka framover.

Framskrivinga er bygd på at personar med ei gitt utdanning, kjønn og alder, vil tilpassa seg på arbeidsmarknaden slik tilsvarende personar gjorde i perioden 2002–2006. Dersom nye generasjonar endrar yrkesdeltakinga i høve til det tilsvarende personar gjorde i desse åra, vil yrkesdeltakinga kunna gå mindre ned, eller eventuelt også kunna auka.

REFERANSAR:

SSB (2006): Den individbaserte utdanningstatistikken. Dokumentasjon 2005.

SSB (2008): Bjørnstad, Fredriksen, Gjelsvik og Stølen. Tilbud og etterspørsel etter arbeidskraft etter utdanning, 1986 -2025.

SSB (2008): Brunborg, Texmon og Pettersen. Nye befolkningsframskrivinger i Økonomiske analyser 3/2008 .

Tabell 1:

Gjennomsnittsalderen i den framskrivne folkemengda i yrkesaktiv alder etter kjønn og utdanningsnivå. 2007 og 2030

	2007 Kvinner	2030 Kvinner	2007 Menn	2030 Menn	2007 Alle	2030 Alle
Grunnskule	41,9 år	38,9 år	38,5 år	37,3 år	40,2 år	38,0 år
Vidaregåande nivå	45,4 år	45,9 år	44,5 år	45,9 år	44,9 år	45,9 år
Høgare utdanning, til og med 4 år	41,7 år	45,7 år	43,7 år	46,5 år	42,5 år	46,0 år
Høgare utdanning, over 4 år	40,5 år	45,6 år	46,0 år	47,6 år	44,0 år	46,7 år
Forskarutdanning	46,2 år	52,0 år	49,7 år	52,7 år	48,6 år	52,4 år
Ukjent utdanning	34,7 år	39,0 år	36,1 år	40,5 år	35,4 år	39,6 år
Alle 16 - 74 år	42,9 år	43,7 år	42,5 år	43,5 år	42,7 år	43,6 år

KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ OG NAV